


## Stabil nedbør i bygda

03.01.2014



Har du ei kjensle av at 2013 var eit meir nedbørrikt år enn 2012? i så fall tek du feil, men ikkje mykje. Observatør Kurt Haugland på Korsnes kan melda at det kom 2688 millimeter i fjor mot 2702 millimeter året før. Mengdene er med andre ord utruleg like. Men samanliknar ein med Husnes, ligg Uskedalen klårt foran, for på Sørøal kom det 2214 millimeter i 2013.

Den klårt mest nedbørrike månaden i fjor var desember, då det kom 524 millimeter og som vi har meldt før 88 millimeter på eit einaste døgn, som var 28. desember.

Når det gjeld snitt-temperaturen er grafen over klår: Temperaturen låg under åra før med unnatak av slutten av året.

Av Ola Matti Mathisen